

SAMARBEID PÅ TVERS

TEIEPLIKT OG SAMTYKKE I ARBEIDET MED BARN OG UNGE



GRUNNLAG FOR GODT SAMARBEID OG TIDLEG INNSATS

Me har ulike lovar for teieplikt, alt etter kva me jobbar med. Du må kjenna til kva lovverk som gjeld for di yrkesgruppe, og kvifor me har lovverk som regulerer teieplikta. I tillegg til lovverket vårt har me FN sin barnekonvensjon, kor mellom anna artikkel 3 Barnets beste og artikkel 12 Barnets rett til å bli hørt er viktige å kjenne til.

Nokre einingar, til dømes barnevernet og helsestasjon- og skulehelsetenesta, har færre høve til å dele oppsysningar enn andre. For dei gjeld teieplikta også opplysningar om fødestad, fødselsdato, personnummer, statsborgarforhold, sivilstand, yrke, bustad og arbeidsstad.

Det er ikkje alltid enkelt å tolke lovtekstar, og ein må nokre gonger nytta skjønn. Ingen saker er like, og difor må ein vurdera kvar situasjon for seg.

Lovverk som gjeld alle offentleg tilsette

FORVALTNINGSLOVA § 13

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

1. noens personlige forhold [...]

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige [...].

Døme på særlovar som gjeld nokre einingar

BARNEVERNENSLOVA § 13

HELSEPERSONELLOVA § 21

NAVLOVA § 7



KVA ER PERSONLEGE FORHOLD?

Me har teieplikt om “noens personlege forhold”. På s. 78 i rettleiaren til offentleglova står dette:

«Det må dreie seg om opplysningar som det med god grunn er vanleg å ynskje å halde for seg sjølv.

Opplysningane kan gjelde eigenskapar ved ein person, eller dei kan gjelde noko personen har gjort som kan vere egna til å karakterisere han, til dømes ei straffbar handling.»

Me kan tenkje at personlege forhold til dømes gjeld:

- opplysningar om barnet si utvikling og trivsel i barnehagen
- opplysningar om elevane si faglege utvikling, lærevanskar og trivsel på skulen
- opplysningar om barnet/familien mottek hjelpetiltak frå barnevernstenesta
- forhold i barnet sin heim

KVA KAN ME DELA?

Utdrag frå Forvaltningsloven § 13 b: Opplysningane kan delast med andre tilsette i eininga, «i den utstrekning som trengs for en hensiktsmessig arbeids- [...]ordning». Vilkåret er at opplysningane har samanheng med dei tilsette sine arbeidsoppgåver.

Opplysningar kan også delast med andre forvaltningsorgan «for å fremme avgiverorganets oppgaver etter lov [...]»

Utdrag frå Barnevernsloven § 13-1: «Opplysningar kan gis til andre forvaltningsorgan når det er naudsynt for å ivareta oppgåver etter denne loven.»

Det skal gjerast ei grundig vurdering før ein vel å dele opplysningar med andre forvaltningsorgan, og avgjerda skal tas av leiar eller ein med særleg ansvar. Det er ikkje nok at det er «greitt for andre å vite». I tilnærma alle tilfelle bør ein forsøke å innhente samtykke før ein deler informasjon.



ANONYM DRØFTING

Du kan også drøfte saker anonymt med andre for å ivareta samarbeidsplikta di. Du kan anonymisere ved at namn, adresse og andre individuelle kjenneteikn vert fjerna. Opplysningane som vert delte må verken direkte eller indirekte kunne identifisere personen som har krav på taushet.

Mindre lokalsamfunn og små tenesteeiningar må vera spesielt merksame på at ein person lettare kan identifiserast.





INFORMERT SAMTYKKE

Samtykke til oppheving av teieplikt


Hovudregelen bør alltid vera at ein ber om samtykke til å dele opplysningar. Gjer ein dette tidleg, er i tillegg sjansen større for at hjelpa vert både betre og lettare å gje.

Pasient- og brukerrettighetsloven § 3-6 seier mellom anna dette om samtykke: «Opplysningar om legems- og sykdomsforhold samt andre personlege opplysningar skal behandles i samsvar med gjeldende bestemmelser om taushetsplikt. Opplysningene skal behandles med varsomhet og respekt for integriteten til den opplysningene gjelder. Taushetsplikten faller bort i den utstrekning den som har krav på taushet, samtykker.»

Eit samtykke er juridisk bindande både skriftleg og munnleg. Ein må vurdere kva som er hensiktsmessig i det enkelte tilfellet, alt etter kva opplysningar som skal delast. Det er uansett fornuftig å dokumentere i barnet si mappe/journal at ein har innhenta eit samtykke, også når det er innhenta munnleg. Samtykkeskjema finn du som mal i Websak eller på Hjelmeland kommune si heimeside.

INFORMER OM:

- Kva opplysningar som skal verte utveksla
- Korleis opplysningane skal verte brukt
- Konsekvensane av at opplysningane vert delte
- At det ikkje skal verte utveksla fleire opplysningar enn det som er naudsynt
- At ein kan nekte at opplysningar om spesielle forhold vert utveksla, eller at spesielle fagmiljø/enkeltpersonar får bestemte opplysningar
- Konsekvensane begrensningar på informasjon kan ha for hjelpetilbodet
- At samtykket når som helst kan trekkjast heilt eller delvis attende



Lyst til å lese meir om tverrfagleg samarbeid kring barn og unge?

Veileder om samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier

Barn og unges helsetjeneste